

Fra: Daniella Svindal Fernando <daniella.svindal.fernando@alver.kommune.no>

Sendt: 12.05.2022 12:59:00

Til: blikkenslager.kema@hotmail.com

Kopi: Per Asle Kønne <per.asle.kohne@alver.kommune.no>

Emne: SV: Nabovarsel fradeling av eiendom 445-322

Hei,

Viser til e-post mottatt 10.05.2022, og tidlegare dialog via telefon. Sal av eigedom gbnr 445/322 er gjort i medhald av Alver kommune sine retningsliner for sal av kommunal eigedom, jfr. sak 20/17363. Retningslinene ligg vedlagt her.

Kommunen mottok ein førespurnad om kjøp av det aktuelle arealet. Arealet er sett av til bustadformål og kjøpar ynskja å bygga seniorbustader der saman med eit areal dei eig på nabotomta. Det vart gjort ein behovsvurdering internt i kommunen kor ein såg på kommunen sin mogelegheit til å utvikla arealet sjølv. Arealet er ikkje så stort i kommunal målestokk og kommunen har ikkje økonomi eller kapasitet til å utvikla eigdommen no eller i nærmaste framtid. Kommunen veit det er behov for fleire omsorgsbustader på Manger og ein vurderte difor at ein kunne avhende arealet til dette føremålet. Følgjande vilkår er også satt i kjøpsavtalen «*Alver kommune har rett til å kjøpa tilbake arealet til same pris viss ikkje arealet blir utvikla til utbygging av omsorgsbustader i tråd med godkjent plan.*».

Eit direkte sal ved avhending av eigedom er i tråd med retningslinene våre, jfr. retningslinene punkt II.

Alver kommune innhenta verditakst på eigdommen frå uavhengig takstmann den 24.02.2022. Takst/marknadspris på areal var på kr. 2 250 000. Dette er den salsprisen som er lagt til grunn i kjøpekontrakt med kjøpar. Sal til marknadspris ved innhenting av takst er i tråd med retningslinene våre jfr. punkt II.

Kjøpekontrakt er signert og det vil difor ikkje vere mogeleg for deg å by på eigdommen. Kommunen har avhenda eigedom gbnr 445/322 innanfor vårt handlingsrom og gjeldande retningsliner for kjøp og sal.

Med vennlig helsing

Daniella Svindal Fernando | Juridisk Rådgjevar Utbygging og avtalar

Telefon: 975 90 105 / 56 17 14 47

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Fra: kenneth manger <blikkenslager.kema@hotmail.com>

Sendt: tirsdag 10. mai 2022 12:37

Til: Postmottak Alver <post@alver.kommune.no>

Kopi: Roald Helgesen <helgesen@jussnett.no>

Emne: Nabovarsel fradeling av eiendom 445-322

Att. Daniela Svindal Fernando.

Att. Per Asle Khøne

Hei. Har fått nabovarsel om at dere vil selge/fradele en parsell som grenser opp til min eiendom. Jeg er forundret over at jeg som nabo ikke har fått anledning til å delta i å by på denne eiendommen da det vil kunne være aktuelt for meg å kjøpe dette stykket. Ønsker at dere gir en mer detaljert forklaring på forløp, og eventuelt slipper meg inn i som budgiver.

Mvh. Kenneth Manger

Tlf. 928 86554

Mail, blikkenslager.kema@hotmail.com

Sendt fra [E-post](#) for Windows 10